

Årsmelding for Radøy sogelag 2018

Styret 2018 har bestått av:

Leiar:	Heidi J. Mongstad
Nestleiar:	Mai-Liss Sylta Møn
Skrivar:	Magnar Ottesen
Kasserar:	Kristen Risnes
Styremedlem:	Geir Smith
Vara:	Berit Kvalvik
Vara:	Bjørn Hole

Skriftstyret 2018:

Mai-Liss Sylta Møn, Heidi J. Mongstad, Bente K. Hervik og Arthur Kleiveland.

Medlemmar per 31.12.2018: 192

Styremøter

I året er det halde ni styremøter og det vart handsama om lag 65 saker.

Medlemskap

Landslaget for lokalhistorie
Hordaland Sogelag

Stabburet

Sogelaget disponerar Stabburet på Gamle prestegarden og har ei 5 årig leigeavtale med kommunen, inngått i 2017. Her har me styremøter og andre småsamlingar, bileteutstilling og bøker for sal.

Sogelaget har bøker og hefte for sal:

Radøy gjennom tidene
Eg likar Radøy best
Krigsår på Radøy. Styret vedtok å trykkja nytt opplag.
Diverse åragangar sogeblad (2001, 2006, 2010, 2015, 2016, 2017 og 2018)
Helsearbeid i skiftande tider

Me har seld bøker og hefter på julemessa i Radøyhallen, ulike arrangement me har delteke på og elles ved etterspurnad og etter god reklame på facebook.

Facebook, epost og heimeside

Me har jobba for å henta inn e-postadresser til flest mogleg av medlemmane og ønskjer å sende informasjon og kontingent per e-post grunna høge portosatsar. Dei som gjev oss tilbakemelding om at dei ynskjer faktura i posten får det.
Me legg ut informasjon, hendingar, bilete og aktivitetar på Facebook. Heimesida er ikkje oppdatert, styret har ikkje hatt kapasitet til å setje seg inn i drifta av den, men ein kan finne nyttig informasjon der.

Kurs, møter og representasjon

Berit Kvalvik deltok på Memoarkonferansen 2018.
Ingen utsendingar til årsmøtet i Hordaland sogelag 2018.
Heidi J. Mongstad har deltatt på kurs i praktisk styrearbeid – i regi av Hordaland sogelag.

Aktivitetar i 2018:

Slektsgranskingkurs: Knut Geelmuyden hadde ein oppfølgingskveld i mars etter kurskveldane haust 2017.

Nyopning av steinalderstiane på Straume: rydding av sti og deltaking på arrangement under kulturdagane.

Bogatunet og Syltastova: me har ansvaret for tilsyn og drift. Nord og Midthordland sogelag held fram som eigar. Styret har hatt dugnadar i begge bygga. Arne Villanger var med i Syltastova og fortalde om staden og gjenstandar der.

Ope tun på Bogatunet 6 søndagar, saman med kommunen. Aktivitetar og besøk av kunnskapsrike personar.

Opning av Kystsogevekene på Toska, i regi av Radøy kommune.

Skuleklassar på Bogatunet i samband med kystsogevekene. Berit Kvalvik, Håkon Lunde og Oddbjørg Dragøy hadde regien på dette.

Gamle dampen på Manger kai

DS Oster låg til kai, det var sang og musikk, stor bileteutstilling, modellbåtutstilling, foredrag, fiskekonkurranse, veteranbusskøyring, mm. Lokale fekk me låna hjå Hans Henrik Fanebust. Svært vellukka arrangement, med over 300 besøkande.

Sogebladet – lokalhistorisk blad med svært gode og varierte historiar, som me har fått gode tilbakemeldingar på, og laussalet var bra. Me mottok støtte frå Hordaland fylkeskommune, samt annonseinntekter.

Innsamling av lokale segn og soger

Historia om Trollkjerringa på Eldsfjellet vart illustrert og reinskriver på oppmoding frå Prestmarka barnehage. Me har også fått inn nokre andre historiar. Målet er å samla så mange historiar at me kan produsera eit hefte som barnehagane og småskulen kan ha glede av.



Styret vil takka alle medlemane og andre samarbeidspartnarar for året som gjekk, og ser fram til nye spanande prosjekt i 2019.

Heidi J. Mongstad

Mai-Liss Sylta Møn

Magnar Ottesen

Kristen Risnes

Geir Smith

Berit Kvalvik

Bjørn Hole